

**Notat**Dato: 10.01.2019  
Arkivsak: 2018/15114-5  
Saksbehandlar: sisover

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmann**Elevar frå Etne kommune ved Ølen vgs**

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå møte i Utval for opplæring og helse 6. nov. 2018 der Alexander Fosse Andersen sette fram følgjande forslag:

*«Mange ungdomar frå Etne går på vidaregåande skule i Rogaland, framfor alt Ølen Vgs. OPHE ynskjer å få framlagt notat om «kvalitetsmelding» for Ølen vgs., evt. andre vgs i Rogaland med mange elevar frå Hordaland.»*

For skuleåra 2017 -2018 og 2018 -2019 går elevar frå Etne kommune på desse vidaregåande skulane (vgs):

Skuleåret 2017 -2018		Skuleåret 2018 -2019	
Ølen vgs	102	Ølen vgs	119
Karmsund vgs	4	Karmsund vgs	5
		Sauda vgs	6

I tillegg har det kvart år vore nokre elevar (1-3) ved andre skular i Rogaland og Hordaland.

I og med at langt dei fleste elevane går ved Ølen vgs, er det berre resultat frå denne skulen som vert presentert. Tala er tatt frå kvalitetsmeldinga 2018 for Rogaland fylkeskommune og Skoleporten og følgjer det oppsett som Rogaland nyttar med omsyn til resultat og fråvær. Elevundersøkinga er tatt frå Skoleporten.

Rogaland fylkeskommune legg fram tal som viser karakterpoeng frå grunnskulen, skuleårs-gjennomføring og fråvær i resultatdelen av meldinga si. Vi finn desse tala for Ølen vgs:

Karakterpoeng frå grunnskulen				
	Studieførebuande	Påbygg	Yrkesfag	Totalt
Ølen vgs	44,6	38,2	36,6	40,3
Rogaland FK	45,4	36,7	35,3	41,0
Utvikling i skuleårsgjennomføring (tal i parentes er tal elevar)				
	2017 -2018	2016 -2017	2015 -2016	2014 -2015
Ølen vgs	92,2 (334)	95,2 (250)	86,6 (224)	89,3 (234)
Rogaland FK	85,4 (15962)	84,9 (16227)	83,9 (15931)	83 (15554)

Skuleårsgjennomføring skuleåret 2017 -2018 etter utdanningsretning				
	Studieførebuande	Påbygg	Yrkesfag	Totalt
Ølen vgs	96	74,1	91,7	92,2
Rogaland FK	88,2	74,2	83	85,4

Totalfråvær i prosent				
	Studieførebuande	Påbygg	Yrkesfag	Totalt
Ølen vgs	2,9	4,7	2,4	2,8
Rogaland FK	4,9	5,8	4,2	4,7

Tala for Ølen vgs viser at skulen ligg noko under Rogalandssnittet når det gjeld grunnskulepoeng, bortsett frå på yrkesfag. Samstundes ser ein at Ølen vgs har betre gjennomføringstal dei siste fire åra. For skuleåret 2017/18 har Ølen vgs høgare gjennomføringstal enn snittet i Rogalands for samtlege utdanningsretningar, med unntak av Påbygg, der dei ligg 0,1 prosentpoeng under.

Elevundersøkinga for Ølen vgs, Rogaland og Hordaland FK, Vg1, alle elevar, alle utdanningsprogram (Skoleporten):

Indikator og nøkkeltall	Ølen vidaregåande skule	Rogaland fylke	Hordaland	Nasjonalt
Elevdemokrati og medvirkning	3,5	3,5	3,5	3,6
Trivsel	4,2	4,3	4,2	4,3
Utdanning og yrkesveiledning	3,5	3,6	3,3	3,5
Mestring	4,0	4,0	3,9	4,0
Felles regler	4,0	4,1	4,0	4,0
Faglig utfordring	4,3	4,3	4,3	4,3
Vurdering for læring	3,6	3,5	3,3	3,4
Motivasjon	3,7	3,7	3,7	3,7
Støtte fra lærerne	4,2	4,1	4,1	4,1
Støtte hjemmefra	4,1	4,0	3,9	4,0
Læringskultur	3,9	4,0	3,9	4,0

I elevundersøkinga finn vi at Ølen vgs har noko betre resultat på «Støtte heimanfrå» og «Støtte frå lærerane», men elles ikkje skil seg særskilt ut frå korkje nasjonalt snitt, eller snitt for Rogaland eller Hordaland.

Indikatorer og nøkkeltall	Ølen vidaregåande skule	Rogaland fylke	Hordaland	Nasjonalt
Mobbing på skolen (prosent) (alle eigeformer)	5,2	4,9	4,3	5,1

Mobbetala for Ølen vgs er noko høgare enn fylkesresultata for Rogaland og Hordaland, men ligg om lag på nasjonalt snitt (alle eigeformer). Mobbetala for Ølen vgs har gått ned frå 5,5 i 2016/17 til 5,2 for 2017/18, ei positiv utvikling. Rogaland har som Hordaland mobbeombod for dei vidaregåande skulane. I kvalitetsmeldinga vert dette sagt om arbeidet mot mobbing i Rogaland fylkeskommune:

*«Arbeidet mot mobbing er prioritert og gjennom arbeidet til skolene og mobbeombudet er det viktig å skape en åpenhet og trygghet slik at vi får fram – og følger opp – alle tilfeller av mobbing. Fylkesrådmannen tror at skolenes systematiske arbeid, slik dette beskrives i deres tiltaksplaner mot mobbing, bidrar til en rask og god håndtering av sakene», side 28.*

Elevane frå Etne gjer at Ølen vgs har auka elevtalet med om lag 100 elevar. Dette gjer skulen meir robust og sikrar auka mangfald både fagleg og sosialt. Tilbakemelding frå skulen er at elevane frå Etne har funne seg til rette på skulen og bidreg til utviklinga av skulen.